



## **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.02.2014**

Tore Svane tok opp to saker frå førre møtet, uttale til budsjett og fokus på kultur. Når det gjeld kultur og dialog med kultursjefen vert den følgt opp fortløpande, og det er berre uhell som har gjort at ho ikkje har kunna møte rådet.

Angående budsjett er Svane uroa for at det ikkje er tilstrekkeleg midlar for å sikra universell utforming på eksisterande bygg i fylkeskommunen innan 2019. Han ønskjer større innsats inn mot langtidsbudsjettet for å sikre midlar.

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å fortsette arbeidet med å få kultursjefen på eit rådsmøte for å fortsette dialogen.

Rådet vedtek og å be om ein orientering om budsjettet både i samband med ramane som vert vedteken i juni, samt forslaget til budsjett som vert lagt fram i oktober. Rådet vil og ha samtalar med dei ulike partia.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å godkjenne møteboka frå 27.11.2013.